



Tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne

Utvikling over tid i talet på mottakarar samt utfall i utdanning og arbeidsliv blant dei som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne frå Lånekassen

Maj-Lisa Lervåg

TALL

SOM FORTELLER

RAPPORTER / REPORTS

2025/29

I serien Rapportar blir det publisert analysar og kommenterte statistiske resultat frå ulike undersøkingar. Undersøkingar inkluderer både utvalsundersøkingar, teljingar og registerbaserte undersøkingar.

© Statistisk sentralbyrå

Publisert: 11. november 2025

ISBN 978-82-587-2040-6 (elektronisk)

ISSN 1892-7513 (elektronisk)

Standardteikn i tabellar	Symbol
Ikkje mogleg å oppgi tal Tal finst ikkje på dette tidspunktet fordi kategorien ikkje var i bruk då tala vart samla inn.	.
Talgrunnlag manglar Tal er ikkje komme inn i databasane våre eller er for usikre til å bli publiserte.	..
Vises ikkje av konfidensialitetsomsyn Tal blir ikkje publiserte for å unngå å identifisera personar eller verksemder.	:
Desimalteikn	,

Forord

Formålet med denne rapporten har vore å kartleggje kven som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne frå Lånekassen, og å følgje mottakarane gjennom utdanninga og i overgangen til arbeidslivet. Rapporten tek utgangspunkt i studentar som var nye på ei gradsutdanning ved universitet og høgskular i studieåret 2017/2018.

Rapporten er skriven av Maj-Lisa Lervåg ved seksjon for utdannings- og kulturstatistikk og er finansiert av Kunnskapsdepartementet.

Statistisk sentralbyrå, 4. november 2025

Ann-Kristin Brændvang

Samandrag

Formålet med denne rapporten har vore å kartleggje bruken av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne frå Lånekassen over tid, og å følgje mottakarane gjennom universitets- og høgskuleutdanning og i overgangen til arbeidslivet. Rapporten tek utgangspunkt i studentar som var nye på ei gradsutdanning ved universitet og høgskular i studieåret 2017/2018.

Tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne er tilgjengeleg for personar som har rett på basislån frå Lånekassen og som har ei funksjonsnedsetting som gjer at dei ikkje kan ha betalt arbeid ved sidan av studia. Rapporten viser at det har vore ei stor auke i talet på mottakarar av tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne i universitets- og høgskuleutdanning. Delen har auka frå omtrent ein prosent av studentane med kundeforhold i Lånekassen i studieåret 2013/2014, til nærare seks prosent i 2023/2024. Dei som mottok tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne var oftare kvinner, i ung alder, utan innvandringsbakgrunn og hadde foreldre med utdanning på universitets- og høgskulenivå.

Rett under halvparten av dei som mottok tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne, fekk dette frå det semesteret dei byrja i gradsutdanning i 2017/2018. Det vil seie at mange også fekk tilleggsstipendet for første gong etter kvart i utdanningsløpet, noko som kan skuldast både at ein har utvikla nedsett funksjonsevne over tid eller at ein ikkje var kjend med tilleggsstipendet ved studiestart. Det er også svært vanleg å ha opphald i mottak av nedsett funksjonsevne. Blant dei som fekk tilleggsstipendet frå oppstart i utdanninga, hadde halvparten eit opphald på minst eit semester utan tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne. Det er liknande fordeling blant dei som fekk tilleggsstipendet for første gong undervegs i utdanninga, der halvparten hadde eit opphald på minst eit semester etter første mottak av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne.

Det er også mogleg å få basislån og tilleggsstipend på sommaren grunna nedsett funksjonsevne, med grunngjeving at ein ikkje får eller kan ha jobb på sommaren. Desse kan anten få berre basislån, eller tilleggsstipendet i tillegg. Ein av fire av dei som fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne på hausten og våren mottok basislån i minst eitt sommarsemester grunna nedsett funksjonsevne. Det var eit større innslag av eldre studentar som mottok basislån på sommaren enn yngre studentar.

Av dei som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne minst ein gong i studietida, fullførte nærare halvparten utdanninga på normert tid (47 prosent). Dette er 10 prosentpoeng lågare enn for studentar elles, altså dei som ikkje fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne i studietida. Ein større del av dei som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne trong fleire år på å fullføre. Det var lågare gjennomføring blant dei som fekk tilleggsstipendet i periodar samanlikna med dei som fekk tilleggsstipendet i heile studieperioden. Studentane som fekk basislån grunna nedsett funksjonsevne på sommaren hadde klart lågast gjennomføring på normert tid av alle undergrupper, noko som kan skuldast at desse har ei funksjonsnedsetting som hindrar dei i å jobbe også i friperiodar utanfor haust- og vårsemesteret.

Det er markante skilnadar i sysselsetjingsgrad etter fullført utdanning mellom studentane, der sysselsetjinga er gjennomgåande lågare blant dei som i løpet av studieperioden mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne. Lågast del sysselsette etter fullføring på normert tid finn vi blant dei som fekk tilleggsstipendet i periodar og dei som fekk basislån grunna nedsett funksjonsevne på sommaren. Når ein først er sysselsett, er det små skilnadar i heiltids- og deltidsarbeid mellom dei som fekk tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne i heile perioden og studentar elles.

Abstract

The purpose of this report has been to map the use of the supplementary grant for reduced functional ability from the Norwegian State Educational Loan Fund (Lånekassen) over time, and to follow recipients through university and college education and into the transition to working life. The report is based on students who were new to a degree program in higher education in the academic year of 2017/2018.

The supplementary grant for reduced functional ability is available to individuals who are eligible to receive basic support from Lånekassen and who have functional impairments that prevent them from having paid employment alongside their studies. The report shows a significant increase in the number of recipients of the supplementary grant for reduced functional ability in higher education. The proportion has risen from about one percent of students receiving grants and loans from Lånekassen in the academic year 2013/2014 to nearly six percent in 2023/2024. Those who received the supplementary grant were more often women, younger in age, without an immigrant background, and had parents with higher education.

Just under half of those who received the supplementary grant for reduced functional ability received it from the semester they began their education in 2017/2018. This means that many receive the grant for the first time later in their studies, which may be due to developing a reduced functional ability over time or not being aware of the grant at the start of their studies.

It is also very common that students have semesters where they do not receive the additional grant for reduced functional ability. Among those who received the grant from the beginning of their studies, half of them went through at least one semester without it. We see the same pattern among those who were granted the supplementary grant for reduced functional ability for the first time during their studies—half had at least one semester without the grant after first receiving it.

It is also possible to receive a basic loan during the summer due to reduced functional ability, on the grounds that one cannot obtain or hold a job during the summer. These students may receive either just the basic loan or the supplementary grant as well. One in four of those who received the supplementary grant for reduced functional ability in the autumn and spring also received a basic loan in at least one summer semester for the same reason. There was a higher proportion of older students who received the summer basic loan compared to younger students.

Among those who received the supplementary grant for reduced functional ability at least once during their studies, nearly half completed their education within the standard time frame (47 percent). This is ten percentage points lower than for other students, i.e., those who did not receive the grant during their studies. A larger proportion of those who received the grant needed more time to complete their education. Completion rates were lower among those who received the grant intermittently compared to those who received it throughout their entire study period. Students who received the basic loan due to reduced functional ability during the summer had the lowest completion rate within the standard time frame of all subgroups, which may be due to having a disability that prevents them from working even during free periods outside the autumn and spring semesters.

There are significant differences in employment rates after completing education, with employment consistently being lower among those who received the supplementary grant for reduced functional ability during their studies. The lowest employment rates after completing on time were found among those who received the grant intermittently and those who received grants and or/loans due to reduced functional ability during the summer. Once employed, there are only minor differences in full-time and part-time work between those who received the grant throughout their study period and other students.

Innhold

Forord	3
Samandrag	4
Abstract	5
1. Introduksjon	7
1.1. Tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne	7
1.2. Datagrunnlag	7
1.3. Populasjon	8
1.4. Oppbygning av rapporten	9
2. Tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne over tid	10
2.1. Utvikling over tid	10
2.2. Trekk ved studentane og utdanninga	12
3. Nye studentar på gradsutdanningar i 2017/2018	17
3.1. Kjenneteikn blant studentane	17
3.2. Sommarsemesteret	22
4. Gjennomføring i høgare utdanning	24
4.1. Lågast gjennomføringsgrad blant dei med basislån på sommaren	27
5. Overgang til arbeidslivet	29
5.1. Basislån i sommarsemesteret	33
5.2. Sysselsetting tre år etter normert tid	34
5.3. Betalt arbeid i periodar utan tilleggsstipendet	35
Referansar	38
Vedlegg A: Figurgrunnlag	39
Figurregister	43
Tabellregister	44

1. Introduksjon

Lånekassen utgjør i samspel med gratis grunnutdanning ein essensiell komponent i det norske velferdssystemet. Lånekassen sitt samfunnsoppdrag er å gjere utdanning mogleg, og Lånekassen utgjør eit viktig verktøy for å sikre at alle har lik moglegheit til utdanning (NOU, 2019, s. 24). Per studieåret 2024/2025 var det 1,2 millionar personar som enten fekk stipend og lån fra Lånekassen eller som betalte på studielånet sitt (Lånekassen, 2025b). Ved å tilby økonomisk støtte er Lånekassen utforma med formål om at alle, uavhengig av økonomisk, geografisk eller sosial bakgrunn, har moglegheit til å ta høgare utdanning.

Hensikta med denne rapporten er å auke tilgjengeleg kunnskap om studentane ved universitet og høgskular som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne. Med omsyn til den kraftige auka i mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne dei seinare åra, er det nyttig å sjå nærare på utviklinga i kven som har fått innvilga dette stipendet. Kunnskapsgrunnlaget er magert, då vi frå før av veit lite om kven som mottok tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne, og om det varierer med personlege kjenneteikn, fagfelt, utdanningstype eller andre kjennemerke.

1.1. Tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne

Studentar med nedsett funksjonsevne, og som difor ikkje kan ha ein jobb ved sidan av studia sine, kan søke om tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne frå Lånekassen (Lånekassen, 2025a). Tilleggsstipendet vart tilgjengeleg frå og med studieåret 2011/2012, og er avgrensa til studentar som er i ei utdanning som gir rett til basislån. Ein lege eller spesialist må bekrefte at nedsett funksjonsevne gjer at vedkommande ikkje er i stand til å jobbe samtidig som dei tek høgare utdanning. Tilleggsstipendet er tilgjengeleg i haust- og vårsemesteret, men ein kan også få basislån og tilleggsstipend på sommaren grunna nedsett funksjonsevne. Det er to forskjellige skjema for å søke om tilleggsstipend og/eller basislån i det ordinære studieåret og for sommaren.

Det er ikkje moglegheit for å ha betalt arbeid samtidig som ein tek imot tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne. Studentar som får tilleggsstipendet på haust- og vårsemesteret, har lov til å jobbe på sommaren. Tilleggsstipendet påverkar ikkje moglegheita til å engasjere seg i frivillig arbeid gjennom studieåret. Per studieåret 2024/2025 utgjorde stipendet 4 572 kroner per måned, eller 50 292 kroner per studieår (Lånekassen, 2025a).

Merk at vi i denne rapporten ikkje har tilgang til informasjon om kva helsetilstandar den enkelte har fått innvilga tilleggsstipendet for. Eksempel på helsetilstandar som kan kvalifisere for tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne er dysleksi, syns- og høyrselshemmingar og diabetes. Analysen skil ikkje på ulike typar funksjonsnedsetting.

1.2. Datagrunnlag

Analysane i denne rapporten byggjer på ei dataleveranse frå Lånekassen. Lånekassen er ikkje ansvarleg for analysen eller tolkingar som er gjort i denne rapporten. Dataleveransen bestod av alle mottakarar av stipend og lån frå Lånekassen i universitets- og høgskuleutdanning i studieåra 2013/2014 til 2023/2024. Sjølv om tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne vart tilgjengeleg frå og med studieåret 2011/2012, er det først data frå og med studieåret 2013/2014 som er del av dataleveransen. Dette er fordi Lånekassen frå studieåret 2013/2014 innførte eit nytt saksbehandlingssystem, og det er data i dette systemet som er best tilrettelagt for analyse.

I datasettet kan ein skilje ut dei som fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne, og også sjå på kor mange semester dei fekk dette tilleggsstipendet. Dataleveransen skil mellom haust-, vår- og sommarsemesteret. Det er mest vanleg å motta tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne på haust-

og vårsemesteret. Det er også informasjon om dei som fekk stipend og lån om sommaren på grunn av nedsett funksjonsevne, det vil seie basislån og/eller tilleggsstipend.

Dataleveransen frå Lånekassen er kopla saman med administrative data frå Nasjonal utdanningsdatabase (NUDB). NUDB er ein forløpsdatabase som samlar all individbasert utdanningsstatistikk i Statistisk sentralbyrå (SSB) tilbake til 1970. Personar blir registrert i NUDB når dei avsluttar grunnskulen, og databasen inneheld blant anna informasjon om kurs tatt på vidaregåande nivå, høgare yrkesfagleg utdanning og universitets- og høgskuleutdanning. Vidare inneheld databasen demografiske individ- og familierelaterte opplysningar innhenta frå befolkningsregisteret.

Lånekassen reknar eit studieår fra 16. august til 15. august året etter. Tidspunkt for oppstart i universitets- og høgskuleutdanningar i NUDB er lagra på månadsnivå (ÅÅÅÅMM). For å best mogleg samkøyre data nyttar vi i denne rapporten difor same inndeling som Lånekassen, men på månadsnivå. Med studieåret 2017/2018 som eksempel, ser vi på perioden frå august 2017 til juli 2018 for å måle eit fullt studieår.

Data om sysselsetting kjem frå SSB sin registerbaserte sysselsettingsstatistikk. Måletidspunkt for sysselsettingsstatus er alltid den uka i november som inneheld den 16., som stort sett er 3. uke i november. Sysselsette er definert som personar som utførte inntektsgjevande arbeid av minst éin times varigheit i referanseveka. Kategorien sysselsette omfattar i denne rapporten både lønnstakarar og sjølvstendig næringsdrivande, og dekkjer både heiltid/deltidsarbeid samt faste og midlertidige stillingar. Ikkje sysselsette omfattar dei som er utanfor arbeidsstyrken eller heilt ledige. Vi ser gjennomgåande berre til den enkelte sitt hovudarbeidsforhold.

1.3. Populasjon

Rapporten har to populasjonar. I kapittel 2 ser vi på alle som fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne i perioden frå studieåret 2013/2014 til 2023/2024. I resten av rapporten er populasjonen avgrensa til studentar som byrja på ei ny gradsutdanning i studieåret 2017/2018, og som mottok stipend og/eller lån frå Lånekassen i studieåret 2017/2018. Blant desse skil vi mellom dei som i løpet av studieperioden aldri har motteke tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne, dei som har motteke tilleggsstipendet i periodar, og dei som har motteke tilleggsstipendet i heile studieperioden. Merk at studentar som ikkje hadde eit aktivt kundeforhold i Lånekassen i studieåret 2017/2018 er haldne utanfor analysen.

Gradstypar

Rapporten skil mellom studentar på treårig bachelor, femårig master og toårig master. Omtalen av masterutdanningane inneber ei forenkling for betre lesbarheit. Med 'toårig masterutdanning' meiner vi masterutdanningar med omfang på mellom 90 og 120 studiepoeng og som krev at ein har fullført bachelorutdanning først. Med 'femårige masterutdanningar' meiner vi masterløp med et omfang på 300-330 studiepoeng, det vil si ein varigheit på inntil 5,5 år.

For treårig bachelor og femårig master omfattar populasjonen studentar som er registrert på den enkelte gradsutdanninga for første gang. Dei kan altså ha studert før, også på bachelornivået, men ikkje på akkurat denne utdanninga. Enkeltutdanningar vert identifisert gjennom sekscifra kode frå SSB sin standard for utdanningsgruppering (NUS2000). For toårig master er populasjonen noko annleis, då ein berre reknast med om ein har begynt på eit toårig masterprogram for første gang i studieåret 2017/2018. Studentar på toårig master vil også ha studert tidlegare, sidan opptak til toårig master krev fullført bachelorgrad.

Måleperiode

Vi følger samlege studentar fram til det tidspunktet som samantreff med tidspunktet for fullføring på normert tid pluss to år. Vi følger difor bachelorstudentane i fem år, toårig master i fire år og femårig master i sju år. Merk at vi følger samlege studentar i populasjonen på denne måten. Dersom dei avbraut utdanninga undervegs følgjer vi dei likevel vidare ut måleperioden, dersom dei innanfor måleperioden mottek stipend og/eller lån frå Lånekassen til universitets- og høgskuleutdanning. Det vil seie at om ein person begynte i ei bachelorutdanning i studieåret 2017/2018, men avbraut utdanninga i løpet av andre studieår, følgjer vi likevel denne personen fram til studieåret 2022/2023, som utgjer normert tid pluss to år etter den første påbegynte bachelorgraden (fem år). Om personen i perioden byrjar på ei anna utdanning, vert også kundedetaljar hjå Lånekassen i desse åra talde med for å kunne seie om personen har motteke tilleggsstipend i kvart semester vedkommande har studert i perioden, eller om vedkommande har vore student og kunde i Lånekassen utan dette tilleggsstipendet i same periode.

For kvar student ser vi til sysselsettingsstatus to år etter normert tid for fullføring av utdanning. Til eksempel betyr dette at for ein student som byrja på ei bachelorutdanning i studieåret 2017/2018, ser vi på sysselsettingsstatus per november 2022.

1.4. Oppbygning av rapporten

I kapittel 2 av rapporten ser vi på utviklinga i bruken av tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne, samt trekk ved mottakarane og den utdanninga dei tok.

I kapittel 3 introduserer vi studentane som byrja på ei gradsutdanning i studieåret 2017/2018, og ser på omfanget av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne.

I kapittel 4 ser vi nærare på gjennomføringa av påbegynt gradsutdanning, i lys av ulike undergrupper av mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne.

Til sist gjev kapittel 5 eit innblikk i overgangen til arbeidslivet, og ser på sysselsetting og heiltidsdelar ut i frå personlege kjenneteikn og undergrupper av mottakarar av tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne.

2. Tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne over tid

I dette kapitlet gir vi ein gjennomgang av bruken av tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne over tid. Våre data strekk seg frå studieåret 2013/2014 til 2023/2024. Vi ser i dette kapitlet også på kjenneteikn ved mottakarane og kva mottakarane studerte.


Tala viser berre dei som har fått eit tilleggsstipend frå Lånekassen grunna ei nedsett funksjonsevne, og det er verdt å merke seg at dette ikkje nødvendigvis er ei fullteljing av alle som har nedsett funksjonsevne blant studentane. Nedsett funksjonsevne kan definerast på ulike måtar, og i spørjeundersøkingar som Eurostudent finn ein at ein av fem studentar har ein funksjonsnedsetting som hindrar dei i studiane (Fredborg, 2024). Merk også at vi har ikkje tilgang til informasjon om kva helsetilstandar den enkelte har fått innvilga tilleggsstipendet for. Eksempel på helsetilstandar som kan kvalifisere for tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne er dysleksi, syns- og høyrselshemmingar og diabetes.

2.1. Utvikling over tid

Talet på mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne har auka kraftig over tid. Frå 1 627 unike mottakarar i studieåret 2013/2014 har talet auka til 12 086 mottakarar i studieåret 2023/2024. Figur 2.1 viser at det har vore ei jamn auke i talet på mottakarar av tilleggsstipendet kvart år.

Ei mogleg forklaring på auken er at det over tid har blitt meir kjend at dette tilleggsstipendet finnst. Dette er ikkje eit stipend som det reklamerast breitt for, og ein kan vere avhengig av at helsepersonell eller andre i eige nettverk kjenner til og tipsar om moglegheita.

Figur 2.1 Unike mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne per studieår. 2013/2014 til 2023/2024



Kjelde: Statens lånekasse for utdanning. Sjå vedleggstabell A1 for talgrunnlag.

Frå ein til seks prosent av studentane

Det er interessant å sjå til storleiksforholdet mellom mottakarar av tilleggsstipend og andre mottakarar av stipend og lån i Lånekassen over tid. Merk at vi berre ser til dei som fekk stipend og lån for høgare utdanning ved universitet og høgskular. Medan i underkant av 1 prosent av unike kundar i Lånekassen fekk tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne i studieåret 2013/2014, har denne delen auka jamt med åra. For studieåret 2023/2024 utgjorde mottakarane av

tilleggsstipendet nærare 6 prosent av alle unike studentar som fekk stipend og/eller lån for høgare utdanning frå Lånekassen. Omgrepet 'studentar elles' omfattar dei som fekk stipend og/eller lån frå Lånekassen, men som ikkje mottok tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne i det aktuelle studieåret.

Tabell 2.1 Unike kundar hjå Lånekassen som fekk stipend og/eller lån for universitets- og høgskuleutdanning, fordelt mellom mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne og studentar elles. 2013/2014 til 2023/2024

Studieår	Tal		Prosent	
	Tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne	Studentar elles	Tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne	Studentar elles
2013/2014	1 627	178 155	0,9	99,1
2014/2015	2 249	183 829	1,2	98,8
2015/2016	3 015	188 119	1,6	98,4
2016/2017	4 346	190 783	2,2	97,8
2017/2018	5 479	192 087	2,8	97,2
2018/2019	6 471	191 903	3,3	96,7
2019/2020	7 307	192 118	3,7	96,3
2020/2021	8 125	198 620	3,9	96,1
2021/2022	9 123	201 115	4,3	95,7
2022/2023	10 742	198 064	5,1	94,9
2023/2024	12 086	195 218	5,8	94,2

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning

Tre semester

Lånekassen har tre periodar kor studentane kan søke om stipend for nedsett funksjonsevne. Dette gjeld for haust-, vår- og sommarsemesteret. På hausten og våren gjeld dette som eit tilleggsstipend, medan det på sommaren kan vere både som berre basislån eller i kombinasjon med tilleggsstipend grunna nedsett funksjonsevne. Ein kan altså få innvilga stipend for nedsett funksjonsevne i opptil tre semester per studieår. For ein student i dag med nedsett funksjonsevne betyr dette moglegheita for 12 månaders studiestøtte.

Tabell 2.2 viser ei fullteljing av kor mange som fekk stipend for nedsett funksjonsevne per semester i kvart studieår som tilleggsstipendet har vore tilgjengeleg. Her blir det tydeleg at det er mest vanleg å få stipend for nedsett funksjonsevne i haust- og vårsemesteret. Merk at vi her ser på alle som fekk tildelt tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne kvart semester (basislån på sommaren), og at ein person difor vil teljast fleire gongar per studieår dersom vedkommande fekk tilleggsstipendet i fleire semester.

Det er interessant korleis det er noko fleire mottakarar på vårsemesteret samanlikna med haustsemesteret. Igjen kan ei mogleg forklaring ligge i kor kjende studentane er med tilleggsstipendet, og at ein kan oppdage det etter kvart gjennom for eksempel andre studentar som får tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne.

Tabell 2.2 Tal på mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne per semester i kvart studieår. 2013/2014 til 2023/2024

Studieår	Haust	Vår	Sommar
2013/2014	1 366	1 456	488
2014/2015	1 778	1 951	672
2015/2016	2 377	2 687	813
2016/2017	3 604	3 902	956
2017/2018	4 557	4 962	1 093
2018/2019	5 516	5 847	1 094
2019/2020	6 419	6 704	1 229
2020/2021	7 224	7 331	1 212
2021/2022	8 183	8 218	1 378
2022/2023	9 575	9 772	1 626
2023/2024	10 794	11 062	1 998
I alt	61 393	63 892	12 559

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning

Tabell 2.3 viser kor mange semester den enkelte har fått stipend for nedsett funksjonsevne per studieår. Det er mest vanleg å få tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne i to semester, som vist også i tabell 2.2. Merk likevel at det var meir vanleg blant mottakarane å få tre semester med støtte for nedsett funksjonsevne før. I studieåret 2013/2014 var delen som fekk tilleggsstipend og/eller basislån for nedsett funksjonsevne i tre semester oppe i 22 prosent. I studieåret 2023/2024 var delen nede i 13 prosent, ein forskjell på heile 9 prosentpoeng.

Ei mogleg tolking kan vere at det over tid har vorte større breidde i kven som mottok tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne. Det er mogleg at mottakarane i dei første studieåra som tilleggsstipendet var tilgjengeleg i større grad hadde svært nedsett funksjonsevne, og at over tid har også personar med andre funksjonsutfordringar sett at dei kvalifiserer for stipendet. For å få stipend og lån for nedsett funksjonsevne i sommarsemesteret må ein søkje med grunngjeving om at funksjonsnedsettinga er til hinder for å få eller ha ein sommarjobb.

Tabell 2.3 Semester med stipend og lån for nedsett funksjonsevne per student per studieår. 2013/2014 til 2023/2024

Studieår	Tal			Prosent		
	Eit semester	To semester	Tre semester	Eit semester	To semester	Tre semester
2013/2014	300	971	356	18,4	59,7	21,9
2014/2015	530	1 286	433	23,6	57,2	19,3
2015/2016	686	1 796	533	22,8	59,6	17,7
2016/2017	891	2 794	661	20,5	64,3	15,2
2017/2018	1 127	3 571	781	20,6	65,2	14,3
2018/2019	1 313	4 330	828	20,3	66,9	12,8
2019/2020	1 232	5 105	970	16,9	69,9	13,3
2020/2021	1 437	5 734	954	17,7	70,6	11,7
2021/2022	1 522	6 546	1 055	16,7	71,8	11,6
2022/2023	1 824	7 605	1 313	17,0	70,8	12,2
2023/2024	1 921	8 562	1 603	15,9	70,8	13,3
I alt	12 783	48 300	9 487	18,1	68,4	13,4

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning

2.2. Trekk ved studentane og utdanninga

Til no har vi sett på utvikling over tid i talet på mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne, samt fordelinga mellom ulike semester. Vidare i dette kapittelet vil vi sjå på kjenneteikn ved studentane som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne, samt trekk ved utdanninga.

Medan tala til no har vore ei fullteljing, vil totaltala i kommande tabellar og figurar variere grunna ukjende verdiar. Til eksempel manglar 1 169 observasjonar kjent verdi på utdanningsnivå hjå foreldra, og desse er haldne utanfor i relevante tabellar og figurar. Det store fleirtalet av desse budde utanfor Noreg ved 16 års alder. Merk også at halvparten av dei som manglar informasjon om utdanningsnivå hjå foreldra er frå studieåra 2022/2023 og 2023/2024. Ei mogleg delforklaring på manglande verdiar kan vere regelendringa der alle med permanent opphaldsløyve fekk rett på stipend og lån frå Lånekassen frå og med studieåret 2022/2023 (Lånekassen, 2025c). Det er også fem observasjonar som manglar informasjon om innvandringskategori ved kopling mot Nasjonal utdanningsbase (NUDB).

Nivå på utdanninga

Tabell 2.4 viser utviklinga over tid i kva nivå mottakarane av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne studerer på. Delen som studerer på masternivå har auka jamt i perioden, og kan delvis forklarast av at vi over tid følgjer dei same studentane gjennom eit heilt studieløp. Det er ei auke på nærare 10 prosentpoeng frå 2013/2014 til 2023/2024 i delen av mottakarane som studerer på masternivå.

Tabell 2.4 Nivå på utdanninga blant mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne per studieår. 2013/2014 til 2023/2024


Studieår	Tal		Prosent	
	Bachelornivå	Masternivå	Bachelornivå	Masternivå
2013/2014	1 264	354	78,1	21,9
2014/2015	1 789	444	80,1	19,9
2015/2016	2 352	652	78,3	21,7
2016/2017	3 356	971	77,6	22,4
2017/2018	4 104	1 362	75,1	24,9
2018/2019	4 713	1 747	73,0	27,0
2019/2020	5 236	2 065	71,7	28,3
2020/2021	5 771	2 347	71,1	28,9
2021/2022	6 372	2 732	70,0	30,0
2022/2023	7 467	3 262	69,6	30,4
2023/2024	8 281	3 792	68,6	31,4
I alt	50 705	19 728	72,0	28,0

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Kjønn

Kjønnsfordelinga i høgare utdanning har vore stabil gjennom heile 2000-talet, der kvinner utgjer omtrent 60 prosent av studentane. Kjønnsfordelinga blant mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne speglar dette. Det er ei klar overvekt av kvinner i samlege studieår. Særleg i det første studieåret der tilleggsstipendet var tilgjengeleg (2013/2014) var delen kvinner svært høg, med tre av fire mottakarar.

Sidan studieåret 2018/2019 har delen kvinner stabilisert seg på 66 og 67 prosent. Det er altså ei overvekt av kvinner, utover det at delen kvinner i høgare utdanning er på vel 60 prosent.

Figur 2.2 Kjønn blant mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne per studieår. 2013/2014 til 2023/2024. Prosent

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A2 for talgrunnlag.

Mottakarane av tilleggsstipendet er blitt yngre over tid

Over tid har det også skjedd endringar i alder blant mottakarane av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne. I dei første studieåra som tilleggsstipendet var tilgjengeleg, utgjorde studentar som var 30 år og eldre ein større del enn dei gjer i nyare tid. På same tid har det skjedd ei auke i delen yngre mottakarar, med ein auke på 3 prosentpoeng for dei som var 21 år og yngre og 4 prosentpoeng for dei i aldersgruppa 22-24 år.

Tabell 2.5 Alder blant mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne per studieår. 2013/2014 til 2023/2024

Studieår	Tal	Prosent				
	I alt	21 år og yngre	22-24 år	25-29 år	30-44 år	45 år og eldre
2013/2014	1 627	28,1	35,3	23,8	7,7	5,0
2014/2015	2 249	27,6	37,8	23,7	6,7	4,1
2015/2016	3 015	28,3	38,4	23,6	6,1	3,6
2016/2017	4 346	30,0	37,5	23,2	6,1	3,3
2017/2018	5 479	30,6	36,0	24,3	6,0	3,1
2018/2019	6 471	30,6	37,4	23,2	6,1	2,8
2019/2020	7 307	30,1	37,7	23,0	6,3	2,9
2020/2021	8 125	31,3	38,5	22,3	5,5	2,4
2021/2022	9 123	31,1	39,2	21,9	5,3	2,5
2022/2023	10 742	31,7	38,6	21,7	5,4	2,7
2023/2024	12 086	31,3	39,5	21,6	4,9	2,6
I alt	70 570	30,7	38,2	22,5	5,7	2,9

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Stabil fordeling i innvandringskategori

Når det kjem til innvandringskategori blant mottakarane av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne har det ikkje skjedd store endringar over tid. Delen innvandrarar blant mottakarane har auka frå 5 til 6 prosent. Delen norskfødde med innvandrarforeldre har auka med under 1 prosentpoeng i perioden. Samla sett utgjorde innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre 9 prosent av mottakarane av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne i studieåret 2023/2024. Dette er klart lågare enn fordelinga blant alle igangverande studentar i Norge. Per studieåret 2023/2024

utgjorde innvandrarak og norskfødde med innvandrarforeldre i overkant av 17 prosent av den totale studentmassen i Noreg (SSB, 2025).

Tabell 2.6 Innvandringskategori blant mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne per studieår. 2013/2014 til 2023/2024


Studieår	Tal			Prosent		
	Befolkninga elles	Innvandrarar	Norskfødde med innvandrarforeldre	Befolkninga elles	Innvandrarar	Norskfødde med innvandrarforeldre
2013/2014	1 525	75	27	93,7	4,6	1,7
2014/2015	2 102	104	43	93,5	4,6	1,9
2015/2016	2 832	125	58	93,9	4,1	1,9
2016/2017	4 105	164	77	94,5	3,8	1,8
2017/2018	5 169	216	94	94,3	3,9	1,7
2018/2019	6 051	281	139	93,5	4,3	2,1
2019/2020	6 814	326	167	93,3	4,5	2,3
2020/2021	7 537	393	195	92,8	4,8	2,4
2021/2022	8 404	477	242	92,1	5,2	2,7
2022/2023	9 815	605	322	91,4	5,6	3,0
2023/2024	11 009	688	389	91,1	5,7	3,2
I alt	65 363	3 454	1 753	92,6	4,9	2,5

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Auke i delen som har foreldre med høgare utdanning

Når vi ser til utdanningsnivå hjå foreldra til dei som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne, ser vi ei gliding over tid. Ein større del av mottakarane per studieåret 2023/2024 hadde foreldre med høgare utdanning, samanlikna med mottakarane i 2013/2014. Særleg har delen av studentane med foreldre som har lang høgare utdanning auka over tid, frå 18 prosent i 2013/2014 til 27 prosent i 2023/2024. Ein må også vere klar over at dette er ei utvikling som følger av at foreldregenerasjonen i løpet av perioden har hatt auka tilgang på høgare utdanning, då vi snakkar om eit tiår i forskjell mellom foreldregenerasjonen i 2013/2014 til 2023/2024.

Figur 2.3 Utdanningsnivå¹ hjå foreldra blant mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne² per studieår. 2013/2014 til 2024/2025. Prosent



¹ Lang høgare utdanning omfattar dei med utdanning på master- eller doktorgradsnivå (NUS-nivå 7 eller 8), medan kort høgare utdanning omfattar dei med utdanning på bachelor-nivå (NUS-nivå 6).

² 95 observasjonar var registrert med ukjent utdanningsnivå blant foreldra. 1 169 observasjonar manglar verdi på variabelen for

utdanningsnivå hjå foreldra. Begge grupper er haldt utanfor i tabellen.

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A3 for talgrunnlag.

Ein kan også spørje seg om utviklinga i foreldra sitt utdanningsnivå også gjeld for studentmassen som heilskap. Tabell 2.7 samanliknar fordelinga i utdanningsnivå hjå foreldra i 2013/2014 med 2023/2024 mellom alle igangverande studentar og hjå mottakarar av tilleggsstipendet. Blant alle igangverande studentar auka delen som hadde foreldre med høgare utdanning med 7 prosentpoeng i perioden. Auken er klart større hjå mottakarane av stipend for nedsett funksjonsevne, med 12 prosentpoeng.

Ein kan også merke seg at den samla delen som hadde foreldre med høgare utdanning var oppe i 71 prosent per 2023/2024 hjå mottakarane av stipend for nedsett funksjonsevne, mot 61 prosent blant alle studentar i høgare utdanning. Det er altså ein større del som har foreldre med høgare utdanning blant mottakarar av stipend for nedsett funksjonsevne samanlikna med studentmassen totalt sett.

Tabell 2.7 Utvikling i utdanningsnivå¹ hjå foreldre over tid, blant mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne og alle igangverande studentar i høgare utdanning. Studieåret 2013/2014 og 2023/2024

	Lang høgare utdanning	Kort høgare utdanning	Vidaregåande utdanning	Grunnskule
Alle igangverande studentar²				
2013/2014	17,0	36,9	39,1	7,0
2023/2024	20,7	40,3	32,7	6,3
Mottakarar av stipend for nedsett funksjonsevne				
2013/2014	18,1	41,5	34,9	5,5
2023/2024	26,9	44,3	25,1	3,7

¹ Lang høgare utdanning omfattar dei med utdanning på master- eller doktorgradsnivå (NUS-nivå 7 eller 8), medan kort høgare utdanning omfattar dei med utdanning på bachelornivå (NUS-nivå 6).

² Tal frå SSB på alle igangverande studentar, ikkje avgrensa til dei som hadde eit kundeforhold i Lånekassen.

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og statistikkbanktabell 04478 frå Statistisk sentralbyrå

3. Nye studentar på gradsutdanningar i 2017/2018

Totalt begynte 63 585 unike personar på ei ny gradsutdanning ved universitet og høgskular i studieåret i 2017/2018. Av desse var 51 104 kundar i Lånekassen, som vil seie at dei fekk stipend og/eller lån i dette studieåret. Dette betyr at 80 prosent av nye gradsstudentar i studieåret 2017/2018 mottok utdanningsstøtte frå Lånekassen.

2 899 av dei 51 104 personane med kundeforhold i Lånekassen fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne i minst eitt av åra dei studerte frå og med studieåret 2017/2018. Dette utgjer under 6 prosent av dei som begynte på ei ny gradsutdanning i studieåret 2017/2018.

Datagrunnlaget frå Lånekassen er her kopla saman med statistikk om gjennomføring i høgare utdanning frå SSB, med utgangspunkt i tal frå statistikkbanktabell 12925, 13063 og 10856. Som nemnt i populasjonsbeskrivinga i kapittel 1 omfattar studentar på treårig bachelor og femårig master dei som var registrert på den enkelte gradsutdanninga for første gang. Dei kan altså ha studert før, men ikkje på akkurat denne spesifikke utdanninga, definert etter seksifra kode i norsk standard for utdanningsgruppering (NUS2000). For toårig master er populasjonen noko annleis, då ein berre reknast med om ein har begynt på eit toårig masterprogram for første gang i studieåret 2017/2018. Denne gruppa vil også ha studert tidlegare, då opptak til toårig master krev fullført bachelorgrad.

3.1. Kjenneteikn blant studentane

Det er nokre variasjonar i kjenneteikn mellom studentane som fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne i måleperioden, og dei som ikkje gjorde det. Tabell 3.1 gir ei oversikt over sentrale kjenneteikn blant dei som byrja på ei gradsutdanning i studieåret 2017/2018, og skil mellom dei som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne minst ein gong og studentar elles. Omgrepet 'studentar elles' omfattar dei som fekk stipend og/eller lån frå Lånekassen, men som aldri mottok tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne i måleperioden.

Kvinner utgjer 67 prosent av mottakarane av tilleggsstipendet, mot 56 prosent av studentane elles. Gruppa som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne har ein mindre del innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre enn studentane elles. Det er også slik at mottakarane av tilleggsstipendet oftare har foreldre med høgare utdanning, med ein skilnad på 6 prosentpoeng mellom studentgruppene. Samla sett er mottakarane av tilleggsstipendet oftare kvinner, i ung alder, del av befolkninga elles og med foreldre som har høgare utdanning.

Tabell 3.1 Kjenneteikn blant nye gradsstudentar med kundeforhold i Lånekassen i studieåret 2017/2018, etter mottak av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne eller ikkje

	Mottok tilleggsstipend		Studentar elles	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
I alt	2 899	100	48 205	100
Kjønn				
Menn	950	32,8	21 001	43,6
Kvinner	1 949	67,2	27 204	56,4
Aldersgruppe¹				
21 år og yngre	1 582	54,6	24 278	50,4
22-24 år	731	25,2	13 008	27,0
25-29 år	407	14,0	6 780	14,1
30-39 år	121	4,2	2 232	4,6
40 år og eldre	58	2,0	1 907	4,0
Innvandringskategori				
Befolkninga elles	2 704	93,3	42 335	87,8
Innvandrarar	132	4,6	4 037	8,4
Norskfødde med innvandrarforeldre	63	2,2	1 833	3,8
Utdanningsnivå hjå foreldra²				
Lang høgare utdanning	614	21,2	8 694	18,0
Kort høgare utdanning	1 256	43,3	19 336	40,1
Vidaregåande utdanning	868	29,9	15 851	32,9
Grunnskule	112	3,9	2 555	5,3
Ukjend	49	1,7	1 769	3,7

¹ Alder ved utgangen av 2017.² Lang høgare utdanning omfattar dei med utdanning på master- eller doktorgradsnivå (NUS-nivå 7 eller 8), medan kort høgare utdanning omfattar dei med utdanning på bachelornivå (NUS-nivå 6).

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Tabell 3.2 gir ei oversikt over kjenneteikn blant studentane som byrja på dei ulike gradsutdanningane i studieåret 2017/2018, og som i perioden dei studerte mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne minst ein gong. Det er klart flest studentar i tal på bachelorutdanningar.

Kjønnsfordelinga er svært lik mellom studentane på dei ulike gradsutdanningane, der menn utgjer ein av tre studentar. Det same gjeld for innvandringskategori, der i underkant av 5 prosent er innvandrarar på bachelor og toårig master. Delen innvandrarar er lågast på femårig master, med 3 prosent.

Ni av ti studentar på femårig master er 24 år og yngre. Bachelorstudentane er også ei ung gruppe, der 83 prosent er i same aldersgruppe. Nærare seks av ti på toårig master er 25 år og eldre. Det er også skilnader i utdanningsnivå hjå foreldra mellom dei ulike gradsutdanningane. Tre av fire på femårig master og toårig master har sjølv foreldre med høgare utdanning. Delen er på 60 prosent for bachelorstudentane.

Tabell 3.2 Kjenneteikn blant nye gradsstudentar i studieåret 2017/2018 som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne minst ein gong i måleperioden. Fordelt på gradstype

	Bachelor		Toårig master		Femårig master	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent
I alt	2 148	100,0	297	100,0	454	100,0
Kjønn						
Menn	699	32,5	100	33,8	151	33,2
Kvinner	1 449	67,5	196	66,2	304	66,8
Aldersgruppe¹						
24 år og yngre	1 782	83,0	123	41,7	408	89,7
25-29 år	240	11,2	131	44,1	36	7,9
30 år og eldre	126	5,8	42	14,2	11	2,4
Innvandringskategori						
Befolkninga elles	1 997	93,0	276	93,2	431	94,7
Innvandrarar	104	4,8	13	4,4	15	3,3
Norskfødde med innvandrarforeldre	47	2,2	7	2,4	9	2,0
Utdanningsnivå hjå foreldra²						
Lang høgare utdanning	395	18,4	83	28,0	136	29,9
Kort høgare utdanning	908	42,3	134	45,3	214	47,0
Vidaregåande utdanning	709	33,0	66	22,3	93	20,4
Grunnskule	97	4,5	6	2,0	9	2,0
Ukjend	39	1,8	7	2,4	3	0,7

¹ Alder ved utgangen av 2017.² Lang høgare utdanning omfattar dei med utdanning på master- eller doktorgradsnivå (NUS-nivå 7 eller 8), medan kort høgare utdanning omfattar dei med utdanning på bachelornivå (NUS-nivå 6).

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Har det noko å seie når ein fekk tilleggsstipendet?

Tabell 3.3 skil mellom dei som fekk tilleggsstipendet ved oppstart i gradsutdanninga, og dei som fekk tilleggsstipendet for første gong seinare i studieperioden. 46 prosent av dei som starta i ei gradsutdanning i studieåret 2017/2018 og som fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne i perioden, fekk tilleggsstipendet frå start. Det vil seie at litt over halvparten først fekk stipendet etter kvart. Dette kan både skuldast at ein ikkje kjente til stipendet frå før, men også at ein i løpet av studietida har fått nedsett funksjonsevne.

Det var større del eldre studentar som fekk tilleggsstipendet ved oppstart i utdanninga. Medan dei yngste studentane (21 år og yngre) utgjorde halvparten av dei som fekk tilleggsstipendet frå start, utgjorde dei seks av ti blant dei som fekk tilleggsstipendet seinare i studieløpet.

Tabell 3.3 Kjenneteikn blant nye gradsstudentar i studieåret 2017/2018 som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne minst ein gong i måleperioden. Fordelt etter dei som fekk tilleggsstipendet i første semester, og dei som fekk tilleggsstipendet for første gang seinare i måleperioden

	Tilleggsstipend frå oppstart		Ikkje tilleggsstipend ved oppstart	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
I alt	1 330	100,0	1 569	100,0
Kjønn				
Menn	460	34,6	490	31,2
Kvinner	870	65,4	1 079	68,8
Aldersgruppe¹				
21 år og yngre	654	49,2	928	59,1
22-24 år	358	26,9	373	23,8
25-29 år	226	17,0	181	11,5
30-39 år	61	4,6	60	3,8
40 år og eldre	31	2,3	27	1,7
Innvandringskategori				
Befolkninga elles	1 254	94,3	1 450	92,4
Innvandrarar	50	3,8	82	5,2
Norskfødde med innvandrarforeldre	26	2,0	37	2,4
Utdanningsnivå hjå foreldra²				
Lang høgare utdanning	253	19,0	361	23,0
Kort høgare utdanning	590	44,4	666	42,4
Vidaregåande utdanning	413	31,1	455	29,0
Grunnskule	58	4,4	54	3,4
Ukjend	16	1,2	33	2,1
Utdanningstype				
Bachelor	958	72,0	1 190	75,8
Toårig master	188	14,1	109	6,9
Femårig master	184	13,8	270	17,2

¹ Alder ved utgangen av 2017.² Lang høgare utdanning omfattar dei med utdanning på master- eller doktorgradsnivå (NUS-nivå 7 eller 8), medan kort høgare utdanning omfattar dei med utdanning på bachelornivå (NUS-nivå 6).

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Tre av fire hadde semester utan tilleggsstipend

Tabell 3.4 viser at berre 24 prosent av mottakarane av tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne, fekk dette stipendet i samlege av semestera dei var kunde i Lånekassen i måleperioden.

Måleperioden utgjer eit omfang på normert tid pluss to år for samlege studentar i utvalet, med mindre ein fullførte utdanninga før dette og ikkje fortset å studere i løpet av måleperioden. Heile 43 prosent var student og kunde i Lånekassen i mellom eitt og fire semester utan tilleggsstipendet, noko som utgjer inntil to studieår.

Tabell 3.4 Studentar som minst ein gong fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne etter oppstart på ny gradsutdanning i studieåret 2017/2018, etter tal på semester utan tilleggsstipend

	Mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne i heile perioden	
	Tal	Prosent
Mottok tilleggsstipend i heile måleperioden	693	23,9
1 semester utan	301	10,4
2 semester utan	387	13,3
3 semester utan	264	9,1
4 semester utan	336	11,6
5 semester utan	401	13,8
6 semester utan	203	7,0
7 semester utan	103	3,6
8 semester utan	117	4,0
9 semester utan	51	1,8
10 eller fleire semester utan	43	1,5
I alt	2 899	100,0

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning

Fortset studentane med tilleggsstipendet når dei fekk det frå start?

Tabell 3.4 har vist at 76 prosent av mottakarane av tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne ikkje fekk dette i heile studieperioden. Lat oss først sjå vidare på dei som fekk tilleggsstipendet ved oppstart i gradsutdanninga, men som hadde periodar utan tilleggsstipendet gjennom måleperioden.

Blant dei 1 330 studentane som fekk tilleggsstipendet frå oppstart i utdanninga (tabell 3.3), viser tabell 3.5 at 637 personar hadde periodar utan tilleggsstipendet. Det vil seie at delen som ikkje fekk tilleggsstipendet samanhengande etter å ha fått det i første semester på ny gradsutdanning utgjør 48 prosent, altså nærare ei 50/50 fordeling.

Blant dei som ikkje fekk tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne i heile måleperioden, etter å ha fått tilleggsstipendet i sitt første semester, var halvparten maksimalt eit år utan tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne. Berre to av ti var utan tilleggsstipendet i 5 eller fleire semester.

Tabell 3.5 Tal på semester utan tilleggsstipend blant mottakarar som fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne ved oppstart på ny gradsutdanning i studieåret 2017/2018

	Tal	Prosent
Mottok tilleggsstipend i heile måleperioden		
Ja	693	47,9
Nei	637	52,1
Tal på semester utan tilleggsstipend		
1 semester utan	150	23,5
2 semester utan	186	29,2
3 semester utan	69	10,8
4 semester utan	101	15,9
5 semester utan	36	5,7
6 semester utan	53	8,3
7 semester utan	14	2,2
8 semester utan	17	2,7
9 eller fleire semester utan	11	1,7
I alt	637	100,0

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning

Fortset studentane med tilleggsstipendet ved sein oppstart?

Det er også interessant å sjå på dei som fekk tilleggsstipendet etter kvart, det vil seie minst eitt semester seinare enn ved oppstart i utdanninga. Dette gjeld altså dei som ikkje fekk tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne når dei starta på gradsutdanninga i studieåret 2017/2018, men i minst eitt seinare semester (1 569 personar). Kor vanleg det er å fortsette med tilleggsstipendet når ein har motteke dette undervegs i utdanninga for første gong?

Av dei totalt 1 569 personane som fekk tilleggsstipendet for første gong undervegs i utdanninga, finn vi at 807 av desse mottok tilleggsstipendet i kvart av dei påfølgande semestera som dei studerte. Dette betyr at halvparten fortset med å motta tilleggsstipendet i kvart av åra dei var kundar i Lånekassen som student (51 prosent). Dette funnet er svært likt som for dei som fekk tilleggsstipendet ved oppstart i utdanninga. Dette let oss konkludere med at halvparten av studentane, uavhengig av når dei fekk tilleggsstipendet for første gong, fortset med å motta tilleggsstipendet i ein samanhengande periode etter første mottak.

For den andre halvparten som har hatt eit opphald på minst eit semester utan tilleggsstipend etter første mottak, kan vi trekkje ut at det å få innvilga tilleggsstipend på eit tidspunkt ikkje garanterer at ein søker eller får dette innvilga i alle påfølgande semester. Det er vanleg å variere mellom mottak av tilleggsstipend og ikkje, uavhengig av om ein fekk tilleggsstipendet ved oppstart av ein grad eller seinare.

Tabell 3.6 Mottakarar som fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne for første gong minst eitt semester seinare enn ved oppstart i gradsutdanning i studieåret 2017/2018

	Nei	Ja	I alt
Tilleggsstipend i alle påfølgande semester			
I alt	763	806	1 569
Tal på semester i utdanning etter første mottak av tilleggsstipend			
0 semester	176	0	176
1 semester	163	92	255
2 semester	128	218	346
3 semester	98	83	181
4 semester	92	142	234
5 semester	49	74	123
6 semester	30	85	115
7 semester	18	37	55
8 semester	5	40	45
9 eller fleire semester	4	35	39
I alt	763	806	1 569

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning

3.2. Sommarsemesteret

Av dei 2 899 studentane som fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne etter å ha byrja på ei gradsutdanning i studieåret 2017/2018, fekk 720 personar basislån grunna nedsett funksjonsevne i minst eitt sommarsemester i perioden. Desse fekk basislån på sommaren grunna nedsett funksjonsevne, som er meint for dei som ikkje får eller kan ha ein sommarjobb. Fleirtalet av desse mottok også tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne same sommar. Det er truleg at desse 720 studentane skil seg frå dei som berre mottok tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne i haust- og vårsemesteret. Dette fordi dei har ei funksjonsnedsetting som gir fritak for å ta betalt arbeid i ein periode som ein ikkje har andre aktivitetar, til forskjell frå haust- og vårsemesteret.

Halvparten av mottakarane av basislån for nedsett funksjonsevne på sommaren fekk dette berre ein gong. 40 prosent fekk basislån i 2 eller 3 sommarsemester. Ein kan ikkje få basislån på grunn av nedsett funksjonsevne sommaren etter fullført utdanning. Det betyr at ein bachelorstudent som fullfører på normert tid har hatt to sommarsemester med moglegheit for dette.

Tabell 3.7 Studentar som minst ein gong fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne etter oppstart på ny gradsutdanning i studieåret 2017/2018, etter mottak av basislån i sommarsemesteret og tal på sommarsemester med basislån

	Tal	Prosent
Basislån på sommaren		
Mottok ikkje basislån i eit sommarsemester	2 179	75,2
Mottok basislån i minst eitt sommarsemester	720	24,8
Tal på sommarsemester		
1 semester	374	51,9
2 semester	190	26,4
3 semester	95	13,2
4 semester	41	5,7
5 eller fleire	20	2,8
I alt	720	100,0

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Tabell 3.8 viser kjenneteikn blant mottakarar av tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne, fordelt på om dei fekk basislån grunna nedsett funksjonsevne i minst eitt sommarsemester i perioden eller ikkje. Det er nokre klare skilnadar mellom desse gruppene. Kvinner utgjer ein større del av dei som fekk basislånet for nedsett funksjonsevne på sommaren, med 73 prosent.

Dei som fekk basislånet på sommarsemesteret er ofte eldre, med større delar i aldersgruppene frå 25 år og eldre. Medan 33 prosent av mottakarane av basislån på sommaren var 25 år og eldre, utgjorde denne aldersgruppa 16 prosent av dei andre mottakarane av tilleggsstipendet. Innvandrarsstudantar utgjer 7 prosent av mottakarane av basislån på sommaren, mot i underkant av 4 prosent blant resterande mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne.

Tabell 3.8 Kjenneteikn ved studentar som minst ein gong fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne etter oppstart på ny gradsutdanning i studieåret 2017/2018, etter mottak av basislån grunna nedsett funksjonsevne i sommarsemesteret

	Mottok ikkje basislån i eit sommarsemester		Mottok basislån i minst eitt sommarsemester	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
I alt	2 179	100,0	720	100,0
Kjønn				
Menn	752	34,5	198	27,5
Kvinner	1 427	65,5	522	72,5
Aldersgruppe¹				
21 år og yngre	1 282	58,8	300	41,7
22-24 år	544	25,0	187	26,0
25-29 år	257	11,8	150	20,8
30-39 år	64	2,9	57	7,9
40 år og eldre	32	1,5	26	3,6
Innvandringskategori				
Befolkninga elles	2 052	94,2	652	90,6
Innvandrars	81	3,7	51	7,1
Norskfødde med innvandrarforeldre	46	2,1	17	2,4
Utdanningsnivå hjå foreldre²				
Lang høgare utdanning	469	21,5	145	20,1
Kort høgare utdanning	976	44,8	280	38,9
Vidaregåande utdanning	636	29,2	232	32,2
Grunnskule	72	3,3	40	5,6
Ukjend	26	1,2	23	3,2

¹ Alder ved utgangen av 2017.

² Lang høgare utdanning omfattar dei med utdanning på master- eller doktorgradsnivå (NUS-nivå 7 eller 8), medan kort høgare utdanning omfattar dei med utdanning på bachelornivå (NUS-nivå 6).

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

4. Gjennomføring i høgare utdanning

I dette kapittelet ser vi nærare på utfall i høgare utdanning. Tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne er meint å hjelpe studentar med å ta utdanning, sjølv med ei funksjonsnedsetting som gjer at dei ikkje har kapasitet til å ta på seg betalt arbeid ved sidan av studia. I dette kapittelet undersøker vi om det er forskjellar i gjennomføring mellom studentar som har mottoke tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne og studentar elles.

Av dei som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne minst ein gong i løpet av måleperioden fullførte 47 prosent utdanninga på normert tid. Delen var klart høgare blant studentar elles, med 57 prosent. Det var ein litt større del som fullførte innan normert tid pluss to år blant mottakarane av tilleggsstipendet, som peiker mot at det er meir vanleg å trenge litt meir tid i denne gruppa. Dette vert understøtta vidare ved at 15 prosent framleis var i gang med utdanning blant mottakarane av tilleggsstipendet, medan same del for studentar elles var på 9 prosent. Det er ikkje store skilnader i delen som avbraut utdanninga undervegs.

Tabell 4.1 Gjennomføring blant studentar som var nye på ei gradsutdanning i studieåret 2017/2018, etter type stipend og/eller lån mottatt frå Lånekassen

	Mottok tilleggsstipend		Studentar elles	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
I alt	2 899	100,0	48 205	100,0
Fullført innan normert tid	1 355	46,7	27 361	56,8
Fullført innan normert tid + 2 år	475	16,4	6 027	12,5
Framleis i gang i utdanning	441	15,2	4 505	9,3
Fullført anna grad	232	8,0	3 035	6,3
Avbraut i løpet av 1. år	115	4,0	2 848	5,9
Avbraut seinare	281	9,7	4 429	9,2

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Det er også skilnadar mellom dei ulike gradstypene. Det er størst skilnad hjå studentane som byrja på ein femårig master i studieåret 2017/2018. Studentgruppa på femårig master er typisk yngre studentar, med ein median alder på 20 år ved oppstart i utdanninga (Lervåg & Evensen, 2024). Berre 42 prosent fullførte masterutdanninga på normert tid (fem år) blant dei som mottok tilleggsstipendet minst ein gong i perioden. Det skil heile 16 prosentpoeng opp til studentar elles på femårig master, der 58 prosent fullførte på normert tid.

For alle gradstypene var det ein større del som hadde fråfall i første studieår blant studentar elles samanlikna med dei som mottok tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne. Delen som avbraut utdanninga seinare er derimot noko høgare blant dei som mottok tilleggsstipendet.

Tabell 4.2 Gjennomføring blant studentar som var nye på ei gradsutdanning i studieåret 2017/2018, etter type stipend og/eller lån mottatt frå Lånekassen og gradstype


	Bachelor		Toårig master		Femårig master	
	Mottok tilleggsstipend	Studentar elles	Mottok tilleggsstipend	Studentar elles	Mottok tilleggsstipend	Studentar elles
Fullført innan normert tid	47,2	55,5	50,7	60,6	42,2	57,9
Fullført innan normert tid + 2 år	15,3	11,8	21,6	14,1	18,0	13,6
Framleis i gang i utdanning	15,7	10,4	12,2	6,9	14,7	7,6
Fullført anna grad	8,1	6,8	.	.	13,0	11,2
Avbraut i løpet av 1. år	4,7	7,0	1,7	4,9	1,8	2,0
Avbraut seinare	9,0	8,5	13,9	12,8	10,3	7,7
I alt (tal)	2 148	32 625	296	8 781	455	6 799

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Figur 4.1 summerer funn rundt gjennomføring og gradtypar, og viser at det uansett gradstype er fleire som står med eit anna utfall enn fullført utdanning blant dei som mottok tilleggsstipendet for

nedsett funksjonsevne. Blant dei som mottok tilleggsstipendet stod heile fire av ti på femårig master utan fullført masterutdanning i perioden. Merk at dette ikkje kan nyttast for å seie at tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne har eller ikkje har effekt på gjennomføring, då vi ikkje har informasjon om korleis det ville gått med studentane dersom tilleggsstipendordninga ikkje eksisterte.

Figur 4.1 Gjennomføring i høgare utdanning etter gradstype og type stipend og/eller lån mottatt frå Lånekassen. Prosent



Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A4 for talgrunnlag.


Tilleggsstipend i heile studieperioden?

Blant dei 2 899 studentane som fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne, kan vi skilje mellom dei som fekk tilleggsstipendet i heile studieperioden og dei som fekk tilleggsstipendet i delar av perioden. Figur 4.2 viser delen av studentane som fekk tilleggsstipendet i heile måleperioden, kontra dei som fekk det i delar av perioden.

24 prosent av gradstudentane som byrja i studieåret 2017/2018 og som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne, fekk dette stipendet i kvart semester dei var kunde i Lånekassen innanfor heile måleperioden (tabell 3.4). Med dette meiner vi alle studieår etter påbegynt gradsutdanning, fram til normert tid pluss to år per gradstype. Vi følger difor bachelorstudentane i fem år, toårig master i fire år og femårig master i sju år.

Det er klart mest vanleg at ein ikkje har motteke tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne i kvart semester ein har vore kunde i Lånekassen i vår måleperiode. 76 prosent var i minst eitt semester kunde i Lånekassen utan å motta tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne gjennom måleperioden. Det er relativt lik fordeling mellom bachelorstudentane og dei på femårig master. Delen som har motteke tilleggsstipendet i alle åra dei har vore kunde i Lånekassen i måleperioden er klart høgare for studentane på toårig master, med 41 prosent. Dette kan ha si forklaring i at dette er personar som allereie har fullført ein bachelor, og slik kan ha blitt kjend med ordninga om tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne før dei byrja på si toårige masterutdanning. Vi følgjer også studentane på toårig master i kortast tid, samanlikna med bachelor og femårig master.

Figur 4.2 Mottakarar av tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne, etter omfang av tilleggsstipend og gradstype påbegynt i studieåret 2017/2018. Prosent




Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A5 for talgrunnlag.

Lågare gjennomføring blant dei som fekk tilleggsstipendet i delar av perioden

Det er klare variasjonar i gjennomføring når ein skil mellom dei som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne frå oppstart i gradstudninga, i delar av perioden og studentar elles. Vi får ein spegla graf mellom delen som fullførte på normert tid og normert tid pluss to år. Medan studentane som fekk tilleggsstipendet i delar av studieperioden har lågast del som fullfører på normert tid, er det denne gruppa som har høgast del som fullfører på meir enn normert tid (normert tid pluss to år). Omvendt er det slik at studentar som aldri mottok tilleggsstipendet har høgast del som fullførte på normert tid, og lågast del som trong meir tid på å fullføre. Studentane som fekk tilleggsstipendet frå oppstart ligg nært opptil studentar elles, med 54 prosent som fullførte på normert tid.

Ei mogleg tolking av desse resultata er at studentane som fekk tilleggsstipendet i heile perioden gjennomgåande har hatt økonomisk tryggleik i at dei ikkje er nøydde til å ta betalt arbeid ved sida av studiane, noko som kan vere krevjande då ein har nedsett funksjonsevne. For gruppa som mottok tilleggsstipendet berre i delar av måleperioden, kan det variere om den nedsette funksjonsevna var til stades i perioden ein ikkje mottok tilleggsstipendet. Desse kan då ha vore nøydde til å ta betalt arbeid ved sidan av utdanninga i perioden, noko som kan gjere totalbelastninga høg i studiekvardagen. Det er mogleg at dei hadde denne funksjonsvariansen også i tida dei ikkje mottok tilleggsstipendet, og det at ein over tid fekk tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne kan ha bidrege til at fleire fullførte (på meir enn normert tid).f

Uansett er det høgast del som gjennomfører på normert tid blant studentane som ikkje har motteke tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne i det heile tatt. Dette garanterer ikkje at studentar i denne gruppa ikkje har funksjonsvariasjonar, men dei har i ikkje fått innvilga tilleggsstipend for dette.

Figur 4.3 Gjennomføring av gradsutdanning påbegynt i studieåret 2017/2018, etter type stipend og/eller lån mottatt frå Lånekassen. Prosent

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A6 for talgrunnlag.

4.1. Lågast gjennomføringsgrad blant dei med basislån på sommaren


Blant studentane som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne, kan vi skilje ut dei som også fekk basislån på sommaren grunna nedsett funksjonsevne. Her finn ein den lågaste delen som fullfører på normert tid, med 42 prosent. Sjølv om delen som fullførte på normert tid pluss to år er høgare enn for studentar elles og dei med nedsett funksjonsevne som ikkje fekk basislån på sommaren, er det samla sett ein større del med anna utfall enn fullført utdanning blant dei som fekk basislån grunna nedsett funksjonsevne på sommaren (39 prosent).

Tabell 4.3 Gjennomføring blant studentar som minst ein gong fekk tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne etter oppstart på ny gradsutdanning i studieåret 2017/2018, etter mottak av basislån i sommarsemesteret

	Mottok ikkje basislån i sommarsemesteret		Mottok basislån i minst eitt sommarsemester	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
I alt	2 179	100,0	720	100,0
Fullført innan normert tid	1 053	48,3	302	41,9
Fullført innan normert tid + 2 år	334	15,3	141	19,6
Framleis i gang i utdanning	327	15,0	114	15,8
Fullført anna grad	180	8,3	52	7,2
Avbraut i løpet av 1. år	95	4,4	20	2,8
Avbraut seinare	190	8,7	91	12,6

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Figur 4.4 Gjennomføring blant studentar som byrja i ny gradsutdanning i studieåret 2017/2018, etter mottak av basislån i sommarsemesteret, tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne utanom sommaren og studentar elles. Prosent



Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A7 for talgrunnlag.

5. Overgang til arbeidslivet

Har personar som har motteke tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne den same sysselsettingsgraden etter studieperioden som studentar elles? I dette kapittelet ser vi nærare på sysselsetting i åra etter fullført eller avbrote gradstudanning. Merk at vi ser til sysselsetting per ei veke i november kvart år, og at ein kan ha vore sysselsett før og etter dette tidspunktet utan at ein vil omtalast som sysselsett i dette kapittelet.

Samla sysselsettingsdel

Tabell 5.1 gir eit overordna bilete av sysselsettingsdelen blant studentane som byrja i ei gradstudanning i studieåret 2017/2018. Det er markante skilnadar mellom studentane, der sysselsetjinga er gjennomgåande lågare blant dei som mottok tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne minst ein gong.

Sjølv når studentane fullførte utdanninga si på normert tid, er det klare skilnadar i sysselsetting mellom studentgruppene. Det skil meir enn 10 prosentpoeng mellom studentar elles og dei som mottok tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne. Skilnaden veks når vi ser til dei som fullførte på normert tid pluss to år. Medan 89 prosent av desse var sysselsette blant studentar elles, var delen nede i 71 prosent blant dei som mottok tilleggsstipend i løpet av studieperioden. Merk at vi ser til sysselsetting på same tidspunkt, uavhengig av når ein fullførte utdanninga. For gruppa som fullførte på normert tid pluss to år ser vi altså på sysselsetting allereie hausten etter fullført utdanning. Også for dei som fullførte ein annan gradstype i perioden er det stor skilnad i sysselsetting, med 20 prosentpoeng i skilnad mellom studenttypane.

Sysselsettingsdelane blant dei med anna utfall i utdanninga skal vi vere forsiktige med å tolke, då dette omfattar studentar som anten har fortsett i utdanning eller som avbraut utdanninga på eit tidspunkt. Sysselsettingstala kan difor bere preg av at studentar elles har moglegheit til å arbeide ved sidan av studiar, noko mottakarar av tilleggsstipend ikkje kan gjere. Det er også kjent at det er skilnadar i sysselsetting ut i frå kva fagfelt ein studerer, for eksempel er sysselsettinga høg blant dei som tok helse- sosial og idrettsfag – eit fagfelt der ein også finn mange med jobb i studietida (Elman & von Simson, 2024).

Tabell 5.1 Sysselsetting per november to år etter normert tid, blant studentar som var nye på ei gradstudanning i studieåret 2017/2018, etter type stipend mottatt frå Lånekassen

	Studentar elles		Tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne	
	Ikkje sysselsett	Sysselsett	Ikkje sysselsett	Sysselsett
I alt	11,4	88,6	29,8	70,2
Fullført innan normert tid	7,5	92,5	18,2	81,8
Fullført innan normert tid + 2 år	10,8	89,2	28,8	71,2
Framleis i gang i utdanning	28,6	71,4	58,4	41,6
Fullført anna grad	11,6	88,4	31,1	68,9
Avbraut i løpet av 1. år	17,8	82,2	36,4	63,6
Avbraut seinare	14,0	86,0	39,2	60,8

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Sysselsetting blant dei som fullførte utdanninga

I tabell 5.2 skil vi mellom dei som mottok tilleggsstipend i heile og delar av studieperioden. Det er særleg relevant å fokusere på sysselsettingsdelen blant dei som fullførte gradstudanninga si, anten på normert tid eller normert tid pluss to år. Lågast del sysselsette etter fullføring på normert tid finn vi blant dei som fekk tilleggsstipendet i periodar.


Tabell 5.2 Sysselsetting per november to år etter normert tid, blant studentar som var nye på ei gradsutdanning i studieåret 2017/2018, etter type stipend mottatt frå Lånekassen

	Studentar elles		Tilleggsstipend i delar av perioden		Tilleggsstipend i heile perioden	
	Ikkje sysselsett	Sysseletsett	Ikkje sysselsett	Sysseletsett	Ikkje sysselsett	Sysseletsett
I alt	11,4	88,6	30,4	69,6	27,9	72,1
Fullført innan normert tid	7,5	92,5	19,1	80,9	15,8	84,2
Fullført innan normert tid + 2 år	10,8	89,2	28,4	71,6	30,1	69,9
Anna utfall	18,7	81,3	44,4	55,6	47,7	52,3

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Figur 5.1 tydeleggjer skilnader i sysselsetting mellom dei som fekk tilleggsstipendet i anten heile eller delar av studieperioden vi følgjer dei, samt studentar elles. Sysselsettingsdelen er klart høgast blant studentar elles, og dette gjeld uavhengig av om ein fullførte på normert tid eller to år etterpå.

Ser vi på dei som mottok tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne og som fullførte på normert tid, var sysselsettingsdelen høgare blant dei som fekk tilleggsstipendet i heile perioden. Resultata er omvendt for dei som brukte to år ekstra på å fullføre utdanninga, her er sysselsettingsdelen noko høgare blant dei som fekk tilleggsstipendet i periodar.

Figur 5.1 Sysselsetting per november to år etter normert tid, blant studentar som var nye på ei gradsutdanning i studieåret 2017/2018, etter tilleggsstipend mottatt frå Lånekassen og tid brukt på fullført gradsutdanning. Prosent

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A8 for talgrunnlag.

Kjenneteikn blant sysselsette

Tabell 5.3 viser sysselsettingsdel fordelt på ulike kjenneteikn blant studentane. Det er som vist ein gjennomgåande høgare sysselsettingsdel blant studentar elles. Av tal som skil seg ut finn vi at berre 58 prosent av gradstudentane som var 40 år og eldre og som fekk tilleggsstipendet var sysselsette. Delen sysselsette er også svært låg hjå innvandrarar som fekk tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne, med 56 prosent. Til samanlikning var delen sysselsette blant studentar elles som var innvandrarar var oppe i 84 prosent.

Tabell 5.3 Sysselsettingsdel per november to år etter normert tid, blant studentar som var nye på ei gradsutdanning i studieåret 2017/2018, etter kjenneteikn

	Studentar elles		Tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
I alt	42 081	88,6	2 002	70,2
Kjønn				
Menn	17 982	86,9	631	67,3
Kvinner	24 099	90,0	1 371	71,6
Aldersgruppe				
21 år og yngre	20 788	86,9	1 077	69,5
22-24 år	11 711	91,2	540	74,8
25-29 år	6 005	90,1	268	66,5
30-39 år	1 933	88,2	84	70,6
40 år og eldre	1 644	88,1	33	57,9
Innvandringskategori				
Befolkninga elles	37 263	89,1	1 888	70,8
Innvandrarar	3 242	83,7	72	56,3
Norskfødde med innvandrarforeldre	1 576	87,4	42	72,4
Utdanningsnivå hjå foreldra¹				
Lang høgare utdanning	7 386	86,6	405	68,0
Kort høgare utdanning	16 979	88,9	873	70,6
Vidaregåande utdanning	14 087	89,9	625	72,3
Grunnskule	2 239	88,5	77	70,6
Ukjend	1 390	83,9	22	47,8

¹ Lang høgare utdanning omfattar dei med utdanning på master- eller doktorgradsnivå (NUS-nivå 7 eller 8), medan kort høgare utdanning omfattar dei med utdanning på bachelornivå (NUS-nivå 6).

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Skilnadar mellom gradtypane

Tabell 5.4 viser den samla sysselsettingsdelen blant studentane som byrja på dei ulike typane gradsutdanning i studieåret 2017/2018. Det var lågast sysselsetting blant bachelorstudentane, der 33 prosent ikkje var sysselsette fem år etter oppstart i utdanninga. Dette kan forklarast med at ein del av dei som tek ein bachelor byrjar på ein toårig master etterpå.


Tabell 5.4 Sysselsetting per november to år etter normert tid, blant studentar som var nye på ei gradsutdanning i studieåret 2017/2018, etter gradstype

	Studentar elles			Tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne		
	I alt, tal	Ikkje sysselsett	Sysselsett	I alt, tal	Ikkje sysselsett	Sysselsett
Bachelor	32 184	13,7	86,3	2 115	33,4	66,6
Toårig master	8 593	6,3	93,7	291	19,2	80,8
Femårig master	6 702	6,8	93,2	445	19,3	80,7

Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå

Lat oss difor sjå nøyare på gradtypane og samstundes skilje mellom dei ulike utfalla i høgare utdanning. Det er høgare sysselsetting blant bachelorstudentane som fullførte på normert tid samanlikna med dei som brukte lengre tid på å fullføre. Dersom desse har tatt ein toårig master og fullført denne på normert tid også, er desse tilgjengelege på arbeidsmarknaden på dette måletidspunktet. Det er markant korleis sysselsettingsdelen er klart lågast etter fullført utdanning blant bachelorstudentar som fekk tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne. Desse har ikkje lov til å ta seg betalt arbeid i haustsemesteret, altså på måletidspunktet for sysselsetting dersom dei er i utdanning og mottek tilleggsstipendet (november).

Figur 5.2 Sysselsetting per november to år etter normert tid, blant studentar som var nye på ei gradsutdanning i studieåret 2017/2018, etter type stipend mottatt frå Lånekassen og gradstype. Prosent



Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A9 for talgrunnlag.


Heiltid eller deltid?

Det er også interessant å sjå om det er forskjellar i kor mange som jobbar i heiltids- og deltidsstillingar blant gradstudentane. Heiltid definerast som ein stillingsprosent lik 100 eller meir, og deltid er definert som ein stillingsprosent på mindre enn 100.

Figur 5.3 viser at det er små skilnader i heiltidsarbeid i det store biletet. Delen sysselsette som stod i heiltidsarbeid var høgast blant dei som fullførte utdanninga på normert tid for alle tre studentgruppene. Dei som fullførte på normert tid har også hatt fleire år på å finne seg aktuell jobb etter fullført utdanning på måletidspunktet vi har valt. Viss ein først er sysselsett etter å ha fullført utdanninga på normert tid, er heiltidsdelen mellom 76 og 83 prosent for dei ulike studenttypene. Heiltidsdelen var lågast blant dei som mottok tilleggsstipendet i delar av studieperioden, og høgast for dei som fekk tilleggsstipendet i heile studieperioden.

Heiltidsdelen blant dei som trong to år ekstra på å fullføre utdanninga, er høgast hjå studentar elles. Merk at delen sysselsette i heiltidsstilling er markant lågare hjå dei som brukte to år over normert tid på å fullføre ei utdanning der dei hadde fått tilleggsstipend for nedsett funksjonsevne i heile studietida. Denne studentgruppa kan tenkast å ha ei funksjonsnedsetting som påverkar det ein har av heiltids- og deltidsmoglegheiter, då ein har hatt eit gjennomgåande behov for tilleggsstipendet for nedsett funksjonsevne i studietida samtidig som dei også har brukt lengre tid på å fullføre utdanninga.

Figur 5.3 Heiltidsdel blant sysselsette per november to år etter normert tid, blant studentar som var nye på ei gradsutdanning i studieåret 2017/2018, etter type stipend og lån mottatt frå Lånekassen og tid brukt på fullføring av gradsutdanning. Prosent



Kjelde: Statens lånekasse for utdanning og Statistisk sentralbyrå. Sjå vedleggstabell A10 for talgrunnlag.

5.1. Basislån i sommarsemesteret

